

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 079/2015 | Formannskapet i Radøy | PS   | 05.11.2015 |

| Sakshandsamar | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|---------------|--------------|--------------|
| Tore Rikstad  | 15/1846      | 15/11654     |

### Kloakksanering Manger

#### Saksopplysningar:

I tråd med Hovudplan for avløp skal det gjennomførast ei kloakksanering for Manger, som vert samla i eit nytt felles hovudreinseanlegg ved Mangerspollen. Ein vil med dette kunne klara å sanera fleire slamavskiljarar - både private og kommunale. Omfanget av tiltaket inneber også nytt utsleppsløyve.

Etter oppdrag frå Radøy kommune vart Multiconsult AS etter tilbodsrunder engasjert til å utarbeida tilbodsgrunnlaget og gjennomføra tilbodsprosessen på 3 entreprisar, fordelt på leidningar på land og sjø og avløpspumpestasjon. Innan fristen kom det til saman inn 5 tilbod fordelt på dei ulike entreprisane. Tilboda er evaluerte og så langt er alle vurdert kvalifiserte til å delta i konkurransen.

For den eine entreprisen – sjøleidningar - har firma som var innstilt som nr. 2 sendt saka til Nordhordland Tingrett med begjæring om midlertidig forføyning. Bakgrunnen er at firmaet meiner at Radøy kommune har unnlete å forkasta tilbodet frå den som er innstilt, fordi det inneheld eit atterhald som ikkje er prisa. Påstanden som skal handsamast i Tingretten er:

1. «Radøy kommune forbys å inngå kontrakt med firmaet som er innstilt frem til lovligheten av tildelingsbeslutningen for EC Sjøledningen – sanering Manger er rettskraftig avgjort»
2. «Radøy kommune dømmes til å dekke det klagedes firma sine saksomkostninger i saken»

Saka skal opp i Nordhordland Tingrett 2. november i år.

Basert på innkomne tilbod, inkludert kostnader til prosjektering og uforutsette utgifter, vert ei samla kostnadsramme for prosjektet estimert til kr 19 000 000,- mot ei kostndsramme på kr 9 000 000,- i vedtatte budsjettramme for 2015.

Med bakgrunn i den store skilnaden mellom dei innkomne tilboda og vedtatte budsjettramme, vil rådmannen avventa eventuell tildeling av kontraktane til det føreligg ei politisk avklaring.

#### Vurdering

Tiltaket er prioritert i Hovudplan for avløp og prosjektet er utarbeidd med bakgrunn i denne. I tillegg til krava i forureiningsforskrifta vil ein også få sanert fleire slamavskiljarar - både private og kommunale, til eitt felles silanlegg (reinsemetode utan slamavskiljar).

Det er gitt utsleppsløyve på inntil 5000 PE. Anlegget er dimensjonert for 2500 PE med mogleg

framtidig auke i kapasitetet og stort nok til også å ta imot framtidige tilknytningar.

Med den store skilnaden mellom vedtatte budsjetttramme og kostnaden i prosjektet med valt reinseløysing, meiner rådmannen at også andre reinseløysingar innafor krava i forureiningsforskrifta må vurderast. Alternativ reinsemetode er og å nytta slamavskiljar. Dersom eksisterande slamavskiljarar kan nyttast ved ei utbetring og tilrettelegging for prøvetakingar (krav til prøvetaking) etter dagens krav, er omfanget av prosjektet vurdert til å bli mindre.

Rådmannen meiner at eksisterande reinseløysing med slamavskiljarar og utsleppsleidning framleis kan nyttast, fram til kostnader til ny reinseløysing og utbetring av eksisterande anlegg er avklart.

I alle tilbodsdocument er det tatt atterhald om endeleg politisk godkjenning av prosjektet. Det er såleis høve for Radøy kommune å avlysa konkurransen.

Dersom kommunen vel å gå vidare med det utarbeidde prosjektet krev dette politisk godkjenning av ei utvida kostnadsramme til kr 19 000 000. Dersom ein legg til grunn at kommunen kan inngå kontrakt og starta arbeida, kan ferdigstilling av prosjektet skje innafor ei budsjettløyving på kr 19 000 000,- i 2016. Legg ein denne kostnaden til grunn, vil det bli ein vesentleg auke i avløpsgebyra.

## **Konklusjon**

Slik den økonomiske stoda no er i Radøy kommune og med tanke på den auke i vassgebyr tiltaket medfører, meiner rådmannen at prosjektet bør utsetjast til også andre alternativ med mindre omfang innafor regelverket vert vurdert.

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kloakksanering for Manger vert utsett. Rådmannen vurderer andre og mindre omfattande alternativ og kjem tilbake med ei politisk sak når dette føreligg.

## **Formannskapet i Radøy - 079/2015**

### **FS - handsaming:**

Rådmann Jarle Landås orienterte om saka og sa at det planarbeidet med kloakksaneringa på Manger har vore relativt komplisert. No er kostnadane avdekka, og den aktuelle løysinga ser ut til å koma på rundt 19 millionar kroner, ti millionar meir enn det er budsjettert med. Han informerte også om at kommunen er stemna inn for Nordhordland tingrett av ein av tilbydarane som ikkje nådde fram i anbodsrunderen.

Prosjektleder Tore Rikstad orienterte om moglege alternativ løysing som kan bli billegare enn det prosjektet som no er lagt fram.

Kenneth Taule Murberg (H) meiner det kan vera fornuftig å involvera leiaren i byggenemnda i det vidare arbeidet med endeleg løysing for kloakksanering på Manger.

Formannskapet oppmodar rådmannen til å nytta kompetansen til leiaren i byggjenemnda i denne prosessen.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**FS - vedtak:**

Kloakksanering for Manger vert utsett. Rådmannen vurderer andre og mindre omfattande alternativ og kjem tilbake med ei politisk sak når dette føreligg.